Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr. 7

Herad: Balestrand -

Emne: Skav.

Bygdelag: Strondi

Oppskr. av: A. Skåsheim

Gard: Skåsheim

(adresse): Balestrand

G.nr. 5 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja, noko.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Guttorm Linden 63 år, Balestrand, van gardsarbeidar.

SVAR

1. Ikkje kjennt her i bygdi -
2. ukjennt her -
3. Dette høyrde me aldri gjete her. Derimot sa dei gamle budeiene at det synte på mjølki, når kyrne fekk raunerskav. Ofte munte mjølki då, og ho vart alltid brunare på lit. - Men dei laut vera varsame og ikkje bruka for mykje av det, for smaken på smøret vart ikkje god. -
4. Noko skav brukte alle kvart år, når dei hadde skog til det. Men det var ingen fast regel kor mykje dei skulde skava. Det retta seg etter korleis foråret var - og korleis våren vart. Slik føring som nemnd i Vest-Agder var ukjend her -

Her skov og riste dei - etter som dei hadde bruk for alt åtfor. Kom våren seint laut dei ofte skava mykje. Hadde dei nøgdi for i løda - og

8923

våren vart god skov dei lite,
eller stundom ikkje noko.-
5. Til geiter og sauer skov dei
skjeolingar (greiner) med skaal. Dei
var av ymse storleik og form.
Nokre heldt dei i skaft - andre i
hald soleis:

 eller 

Skaolen - (eggi) var jamnast bøgd -
men stundom bein. Vinkelen
millom skaftet og skaolen kunde
det vera stor skilnad på. Ein
kunde stundom sjå dei nytta ein
avbraten ljå, som dei hadde festa
til eit beint skaft - og vart då
brukt mest som ein tollekniv.
Men detta var sjeldan.
Dei Heibergske Samlingar
har stor samling skaolar.-
Dei småe, bøgde skao-
lane kunde dei og bruka då dei
laga tresko, ausor og store tre-
skeior.

Skav til kyr skov dei
med bandakniv. Det var skav av
store stokkar - raun og osp, som
dei skov ute i skogen og tok
skavet heim i sekke. Dei snudde
då på stokken etter kvart dei skov.
6. Nokon staur å festa skavstokken
til hadde dei ikkje her.-
Banda-kløyvaren stod
ute, jamnast i vedhuset.-
7. Skavskog kjøpte dei

8923
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

ikkje her. Det vart for balasamt.
Tre til skaving hogg dei so nær heimen som dei kunde – og på sine eigne eigedomar. –
Derimot kjøpte dei almeris, og eodteigar med god almeskog var ettersøkte – serleg i nåri då kornet ikkje vart mage. –

8. Ved skifte av jord hende det ofte at almar vart undantekne – men ikkje andre treslag det ein veit av her –

9 Her var ikkje slik almenning.

10 Husmenn fekk hogga skav-skog etter avtale med eigaren.

11. Ordet skavhella er ukjent her. Derimot kunde dei segja: Hon er ein skavar" = dugande. „Han er ein skavar å slå" – eller „Ho er skavande flinke." –

12. Ukjent her. –

Balestrand 24. febr. 1954
A. Skåsheim.

8923

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING